

# Tips til kontakt med presse om fasteaksjonen

Her er litt å tenke gjennom før du tar kontakt med aviser eller andre medier:

- Er det andre kyrkjelydar som hører til i nedslagsfeltet til t.d. avis? Ta i så fall kontakt med nokon i staben der, slik at dei og vert nemnde i det som kjem på trykk.
- Er det noko særskilt med aksjonen i år som gir nyhendeverdi? T.d. om nokon skal farge håret blått dersom de når eit visst beløp, om nokon går med bøsse for tiande året på rad, om de skal prøve ein ny type aksjon i år, om alle medverkande er nye og spente på korleis dette skal gå, eller noko anna som kan vekkje interesse hjå journalistar og leserar.
- Avislesarar liker å sjå bilete av menneske. Tenk på om det er nokon som kan møte ein journalist/fotograf og bli tatt biletet av, t.d. konfirmantar eller andre med bøsse (eller joggesko om det skal vere sponsorløp), nokon som er klare til å få bøsseberarar på døra eller nokon som er ansvarlege for aksjonen.
- Ikkje tenk for lite om små saker! Om resultatet av dette blir ein notis i avis om kva dag det skal vere innsamlingsaksjon, er det veldig mykje betre enn om det ikkje kjem noko på trykk i det heile.
- Sjå deg gjerne litt rundt på [www.fasteaksjonen.no](http://www.fasteaksjonen.no) for å bli inspirert og for å finne poeng du vil ha med. Her er og eit utkast til lesarinnlegg som du kan kikke på til inspirasjon: [Leserinnlegg-NN.docx](#) og på bokmål: [Leserinnlegg-BM.docx](#)
- Dersom avisas ikkje vil skrive noko på førehand, kan de sjølve ta biletet og skrive om noko som skjer, så vil dei kanskje trykke det som de sender dei.
- 300,- kr. er nok til å gi eit menneske tilgang til reint vatn resten av livet!

Ein tekst til avisas kan vere så enkel som dette:

«Tysdag 19. mars går 70 konfirmantar frå Bygda kyrkje frå dør til dør med innsamlingsbøsse. Pengane som vert samla inn, går til Kirkens Nødhjelps arbeid i store delar av verda.

- Det nyttar å gi! For berre 300,- kr. kan ein sikre eit menneske reint vatn resten av livet, seier kateket Kari Kyrkjeperson.»

Tilpass slik at det passar dykk og legg sjølvsgatt til kontaktinformasjonen din. Det kan vere lurt å ringe avisas rett etter at du har send e-posten for å høyre at den er komen fram.

Lukke til!